



Sogn og Fjordane
krets av NSF



ALLTID BEREDT

ÅRSMELDING 2013 for Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Kretsstyret:

Kretsleiar: Mats Brunsvik (Måløy)
Visekretsleiar: Eirik Ulltang Birkeland (Førde)
Styremedlemmer: Frida Mulen (Førde)
Trine Ludvigsen (Kaupanger)
Ole Jomar Moen (Systrond 1)
1. varamedlem: Remco Hekel (Florø FA)
2. varamedlem: Wenche Selland (Naustdal)

Leiartrenarar:

Wenche Selland (Naustdal)
Thorleif Jakobsen (Nordfjordeid)
Ole Jomar Moen (Systrond 1)
Erlend Klakegg Bergheim (Systrond 1)

Kasserar: Frida Mulen (Førde)

Revisor: Gro Øksland

Pr. 31.12.2013 hadde kretsen 339 betalande medlemmer, ein oppgang på 78 personar frå 2012 (29,9 % auke!). 291 av medlemmene var under 26 år. Kretsen har 9 grupper.

Kretsstyret har halde 3 styremøte og 1 kretsting/årsmøte.

Kretsting/årsmøte:

Dette var 10. mars på Skei. Vi vedtok mellom anna å arbeide vidare med strategisk plan. Protokollen var forsvunnen ein periode, men er funnen att. Valkomiteen møtte ikkje, så valet kunne ikkje gjennomførast. Det vart vedteke å gjennomføre ekstraordinært årsmøte.

28. april var det ekstraordinært årsmøte for å få gjennomført valet.

Kretsbannerkonkurransen:

Denne var 26.–28. april på Moldøen. Det var om lag 26 deltakarar frå gruppene Systrond 1, Nordfjordeid og Førde og Florø FA. I tillegg var det småspeidarleir for småspeidarane i Måløy. Oppgåvene gjekk mellom ut på å lage ein pengepung og ei knutetavle. Patruljen «Maur» frå Systrond 1 vann.

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Mats Brunsvik, Gate 3, nr. 31, 6700 Måløy

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

Peffkurs II:

Dette var 5.–7. april i Sogndalsdalen. Det var om lag 9 deltakarar frå gruppene Førde og Systrond 1. Her fekk deltakarane lære ein del om speiding, og kurset hadde vikingtema.

Landsleiren Stavanger 2013:

Landsleiren vart arrangert ved Hafrsfjord frå 6.-13. juli. Frå Sogn og Fjordane deltok gruppene Førde, Naustdal, Nordfjordeid, Systrond 1 og Kaupanger. Til saman var det 114 deltakarar frå kretsen. I tillegg var Mats frå kretsstyret til stades nokre dagar pluss 2 besøkande frå Florø FA og 1 frå Måløy. Ambassadørrolla vart i år delt mellom Eirik og Mats, då Mats ikkje hadde høve til å vere der under heile leiren.

Mellom aktivitetane på leiren kan ein nemne tur til Preikestolen, gruppebidrag, haik, marknadsdag og diverse kveldsaktivitetar, som klatring og rappelling. Før leiren var det også bygd opp eit 35 meter høgt tårn som utgjorde midtpunktet på leiren. Det var også spesielt mange internasjonale deltakarar denne gongen. Systrond 1 var god nabo for ei gruppe «pigespejdere» frå Haderslev i Danmark.

Speidarsamling med JOTA/JOTI:

Dette var 18.–20. oktober på Teigen i Eikefjorden. Det var om lag 65 deltakarar frå gruppene Florø FA, Førde, Måløy, Naustdal, Nordfjordeid og Systrond 1, i tillegg til 2–3 radioamatørar. Temaet var som vanleg på denne samlinga JOTA/JOTI, og i tillegg hadde vi andre varierte aktivitetar både ute og inne. Mellom anna var det kanopadling, rappelling og eggefjallskjerm. På menyen stod heimelaga kjøtbollar med pasta og saus, og ein gigantisk foccacia.

Leiarutvikling:

Vi har dessverre ikkje hatt nokon leiarkurs dette året.

Gruppebesøk:

Vi har hatt ein del kontakt med gruppene. Ole Jomar har vore på besøk til Sogndal, og Trine har vore på besøk til Systrond 1.

Nasjonal og internasjonal deltaking:

Roverløft:

Vi hadde éin deltakar på Roverløft på Torød i Vestfold.

NM i speiding:

Vinnarpatruljen frå KBK, «Maur» frå Systrond 1, reiste til NM i speiding, som var i Røyken.

World Scout Moot:

Eirik og Sivert frå Førde og Mats frå Måløy var med på World Scout Moot, altså verdslleiren for roverar, som var i Canada. Dei var også på rundreise i USA før leiren.

Lederløft:

Eirik og Rasmus frå Førde og Remco frå Florø FA var på Lederløft på Hudøy i Vestfold.

Toppleiarmøte:

Vi hadde ingen deltakarar på toppleiarmøtet om våren, men om hausten reiste Eirik i

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Mats Brunsvik, Gate 3, nr. 31, 6700 Måløy

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

kretsstyret til Sørmarka kurs- og konferansesenter.

Økonomi:

Per 31.12.2013 var status at kretsen har 247 020,38 kroner på bok. Det er ingen utestående summar, og kretsen har ein sunn økonomi.

Året under eitt:

2013 har bydd på både dei tradisjonelle kretsarrangementa våre og landsleir, eit av høgdepunkta for speidarane våre. Kretsstyret har teke i bruk Skype som møteverktøy, og dette har fungert over all forventning. I tillegg til at det tekniske fungerer godt, sparer vi både tid og pengar på det. Likevel er det også viktig for oss å møtast på «gamlemåten» innimellom, og dette prøver vi mellom anna å få til på dei andre arrangementa våre.

Vi saknar å få gjennomføre leiarkurs, men ofte får vi for få påmelde deltakarar. Det kan vere hektisk å kome seg av garde i ein travel kvardag, men vi håpar alle gruppene og leiarane vil sjå verdien i grunntreninga vår. Vi prøver igjen i 2014!

Elles har vi hatt ein imponerende medlemsvekst i løpet av året som har gått, og mykje av dette kan vi takke Sogndal speidargruppe for. Dei starta opp med dyktige leiarar og ein god porsjon stå-på-vilje, og har god aktivitet for rundt 60 medlemmer. Dette lovar godt for framtida!

Kretsstyret

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Mats Brunsvik, Gate 3, nr. 31, 6700 Måløy

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no